

Saksmappenr: 2023/1042-24  
Arkiv: A00  
Sakshandsamar: Else Margit Tveit

## **Saksframlegg**

### **Valle kommune**

| <b>Saksnummer</b> | <b>Utval</b>   | <b>Møtedato</b> |
|-------------------|----------------|-----------------|
| 48/26             | Levekårutvalet | 03.06.2026      |
| 61/26             | Kommunestyret  | 18.06.2026      |

## **Høyring - nærskulematrisa til vidaregåande skule i Agder**

### **Kommunedirektøren tilrår:**

Valle kommune gjev følgjande høyringssvar:

1. Ønsker du/dere en endring av nærskulematrisen så elever frå Bykle og Valle blir en del av inntaksregion Indre Agder?

**Svar: Nei**

2. Har du noen innspill til fordeler eller ulemper med dette forslaget?

**Svar: Som skildra under «Vurderingar og konsekvensar».**

### **Handsaming i Levekårutvalet av sak 48/2026 den 03.06.2026:**

#### **Handsaming:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak:**

Valle kommune gjev følgjande høyringssvar:

1. Ønsker du/dere en endring av nærskulematrisen så elever frå Bykle og Valle blir en del av inntaksregion Indre Agder?

**Svar: Nei**

2. Har du noen innspill til fordeler eller ulemper med dette forslaget?

**Svar: Som skildra under «Vurderingar og konsekvensar».**

### **Handsaming i Kommunestyret av sak 61/2026 den 18.06.2026:**

#### **Handsaming:**

Innstilinga frå levekårutvalet vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak:**

Valle kommune gjev følgjande høyringssvar:

1. Ønsker du/dere en endring av nærskulematrisen så elever frå Bykle og Valle blir en del av inntaksregion Indre Agder?

**Svar: Nei**

2. Har du noen innspill til fordeler eller ulemper med dette forslaget?

**Svar: Som skildra under «Vurderingar og konsekvensar».**

### **Saksutgreiing:**

#### **Samandrag/ konklusjon**

Valle kommune rår frå å endre nærskulematrisa slik at elevar frå Bykle og Valle berre får nærskulepoeng i inntaksregion Indre Agder. Kommunen meiner dagens ordning, der elevane får nærskulepoeng til alle vidaregåande skular i Agder, er viktig for å sikre likeverdige vilkår for elevar frå kommunar utan eigen vidaregåande skule.

Alle elevar frå Valle må flytte heimanfrå for å ta vidaregåande opplæring. Dagens ordning gjev elevane større valfridom, høve til å nytte etablerte sosiale nettverk og meir reelle moglegheiter til å få plass på ønskja utdanningstilbod. Kommunen vurderer dette som ein medverkande faktor til dei svært gode resultata for gjennomføring i vidaregåande opplæring.

Valle kommune ønskjer samstundes å styrkje Setesdal vidaregåande skule som ein robust og attraktiv skule for regionen. Dette bør skje gjennom målretta satsing på tilbodstruktur, kvalitet på elevbustader, skulebygg, kollektivløysingar og finansiering av små klassar – ikkje gjennom avgrensing av elevane sine valmoglegheiter.

#### **Bakgrunn for saka**

Hausten 2025 sendte Agder fylkeskommune tilbodstruktur for vidaregåande skule på høyring. Høyringa omhandla mellom anna kva for vidaregåande skular fylket skal ha, og kva for utdanningstilbod den enkelte skule skal tilby. I Valle kommune vart høyringa handsama i Valle ungdomsråd i PS 15/2025, i Levekårsutvalet i PS 41/2025 og i kommunestyret i PS 75/2025. Høyringssvar vart sendt.

Agder fylkeskommune fekk inn fleire innspel om nærskulepoeng for elevar busett i Bykle og Valle kommune. Innspela vart grunngjeve med ønskje om å styrkje elevtalgrunnlaget for Setesdal vidaregåande skule. Valle kommune gav i si høyring innspel til tilbodstruktur, men ikkje nærskulematrisa.

Med bakgrunn i høyringa vart det fatta følgjande vedtak i hovudutval for utdanning og folkehelse 26.11.2025:

- «Punkt 4. Det vil komme en egen sak angående nærskulematrisen i 2026. Saken vil minimum dekke forslag om endringer i Setesdalsregionen.»

Denne saka er no sendt på høyring.

Nærskulematrisa konkretiserer nærskuleprinsippet i § 3 i [lokal forskrift om inntak](#) ved å vise kva område som gjev nærskulepoeng til dei ulike skulane ved søknad til Vg1

Agder fylkeskommune har over fleire år praktisert ei ordning der elevar frå Bykle og Valle får nærskulepoeng til alle vidaregåande skular i Agder. I høyringa vert det spurt om elevar frå Bykle og Valle berre skal få nærskulepoeng i Indre Agder dersom skulane der tilbyr utdanninga dei søker på.

Valle ungdomsråd (VUR), samarbeidsutvalet (SU) ved Valle skule og Oppvekst Valle (leiarane innan oppvekst i Valle kommune) har uttala seg om saka.

VUR var i sak 8/26 i møte den 04.05.2026 samrøystes positive til ei endring av nærskulematrisa slik at elevar frå Bykle og Valle blir ein del av inntaksregion Indre Agder.

SU ved Valle skule sa i møte 05.05.2026 samrøystes nei til ei slik endring.

Oppvekst Valle sa i møte 07.05.2026 samrøystes nei til endring av nærskulematrisa.

### **Formelt grunnlag**

[Forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til lære plass, Agder fylkeskommune](#)

### **Vurderingar og konsekvensar**

Eit av måla med nærskulematrisa er å redusere behovet for hybelbuing for elevar i vidaregåande opplæring. For elevar frå Valle kommune vil dette målet i liten grad kunne oppfyllest, då alle elevar må flytte heimanfrå for å gå på vidaregåande skule.

Fleire elevar har slekt eller vener i andre delar av fylket som dei kan bu hos. Dette kan vere avgjerande både sosialt og økonomisk. Sjølv om alle elevane frå Valle har ulempe ved å måtte flytte, har kommunen 100 % gjennomføring på normert tid i vidaregåande opplæring i perioden 2018–2024, som er siste tilgjengelege tal. Valle kommune meiner dagens ordning med nærskulepoeng i heile fylket er ein viktig medverkande faktor til dette resultatet.

Ei vidareføring av dagens ordning vil:

- jamne ut geografiske ulemper
- gje elevane større valfridom
- redusere risikoen for at bustadkommune åleine avgrensar utdanningsmoglegheitene
- sikre meir likeverdige vilkår mellom elevar i distrikta og elevar i meir sentrale område

Ordninga kan òg sjåast som ei anerkjenning av at nærskuleprinsippet får eit anna innhald i kommunar utan eigen vidaregåande skule.

Valle kommune ser positivt på at Setesdal vidaregåande skule blir utvikla som ein robust og attraktiv skule, slik at fleire elevar i regionen ønskjer å søkje seg dit.

Kommunen meiner likevel at dette må skje gjennom styrking av kvalitet og tilbod, ikkje gjennom avgrensing av elevane sine valmoglegheiter.

For å styrkje attraktiviteten til skulen bør følgjande tiltak vurderast:

- Tilbodsstrukturen må tilpassast lokale behov og etterspurnad, både med tanke på elevane sine utdanningsønske og behova til næringslivet i regionen.
- Ordninga med halve klassar i distrikta må vidareførast og finansierast tilstrekkeleg for å sikre breidde i tilbodet.
- Eksisterande bygningsmasse bør nyttast effektivt og oppgraderast slik at skulen opplevast som moderne og attraktiv.
- Elevheimen må halde god standard og vidareutviklast som eit konkurransefortrinn for skulen. Dagens standard er ikkje på nivå med det som kan forventast i den ordinære utleigemarknaden.
- Kollektivtilbod og timeplanar må tilpassast elevane sine reisebehov betre. Det bør leggjast til rette for at elevar kan reise heimanfrå måndag morgon i staden for sundag ettermiddag.
- Tidlegare politisk vedtekne investeringar i nye verkstader og utvikling av skulebygga må realiserast snarast mogleg.

Valle, den 20.05.2026

Vidar Homme  
kommunedirektør

Vedlegg:

- 1 Høringsbrev - nærskolematrisen til vidaregående skole i Agder.PDF
- 2 Høringsnotat - nærskolematrisen til vidaregående skole i Agder.PDF

**Andre dokument i saka:**